

Om IKTNH som leverandør av driftstenester til Samnanger kommune

Rammevilkår og utfordringar

Stortingsmelding 27 2015-2016, «Digital agenda for Norge», gjev eit tydeleg signal om at det vil verte stilt nye og strenge krav til digitalisering av offentleg forvaltning og tenesteyting. Ein forventar vinst i form av ei meir rasjonell sakshandsaming og organisering av tenester. Dette skal så medføre at ein kan nytte meir av tid og ressursar på kjerneoppgåvene. Ein ser at digitaliseringa når stadig nye forvaltnings- og tenestemråde, og den vert nytta på stadig nye måtar. Ein konsekvens av dette er at it-kompetanse vert ein stadig viktigare del av fagkompetansen innan dei ulikeforvaltnings- og tenestemråda.

Men ein slik digitaliseringsprosess har sine utfordringar. Det vert lagt til rette for at data enklare enn før kan flyte mellom ulike forvaltning- og tenestemråde. Dette stiller store krav til ein forsvarleg dataflyt. Eit nytt lovverk som vil tre i kraft i løpet av året, EU si personvernforordning (GDPR), er ei utviding og innskjerping av gjeldande lovverk for handsaming av persondata, og fører med seg eit svært strengt sanksjoneringsregime for dei som ikkje klarar å tilpasse seg dette.

Datatilsynet stiller krav om at integriteten, konfidensialiteten og tilgjenget til persondata vert verna. I dette ligg fylgjande :

- **Integriteten** vert verna ved at det ikkje kan gjerast endringar, slettingar eller tilføyningar i informasjonen utan at det er sakleg grunn til dette, og at deet vert gjort av den/dei som er sett til å gjere det.
- **Konfidensialiteten** vert verna ved at kun dei som har sakleg grunn til innsyn i informasjonen, får tilgjenge til han.
- **Tilgjenget** vert sikra ved at dei som skal ha tak i informasjonen får det når dei har behov for det, og på ein måte som bidreg til rasjonell og korrekt forvaltning og tenesteyting.

For å verne integriteten, konfidensialiteten og tilgjenget til persondata vert tekne må ein gjennomføre tiltak på fleire ulike område:

- **Fysisk sikring av data** omfattar tiltak for å hindre at ytre påverknad som brann, flaum, straumbrot o.a. fører med seg tap av data. Det omfattar også tiltak for å hindre at uvedkomande skal få tilgjenge til serverpark og andre ressursar.
- **Teknisk sikring av data** omfattar tiltak som skal sjå til at utstyret der informasjonen vert lagra og prosessert, til ei kvar tid er i stand til å gjere dette på ein måte som sikrar krav til konfidensialitet, integritet og tilgjenge. Dette omfattar serverpark og nettverk, samt maskinpark knytt opp tio nettverket.
- **Organisatorisk sikring av data** omfattar tiltak som sikrar at kun dei som har sakleg grunn til tilgjenge til data, får slikt tilgjenge. Eit viktig tiltak er å sjå til at ein til ei kvar tid har oppgradert oversyn over kven som skal ha tilgjenge til kva.
- **Best praksis** er eit lite, men viktig tiltak i arbeidet med å verne integriteten, konfidensialiteten og tilgjenget til persondata.

Ei kort oppsummering av kva dette vil ha å seie for ein kommune si forvaltning av data kommunen er betrudd, kan dermed sjå slik ut :

- Kommunen må ha utstyr og lokale for lagring og prosessering av data – serverpark og nettverk – som reduserer risikoen for fysiske skader, og som er innretta med tanke på å minimisere fylgjene av slike skader dersom dei likevel skulle oppstå.
- Kommunen må ha utstyr og programvare på arbeidsplassane som til ei kvar tid stettar dei tekniske tryggleikskrava.
- Kommunen må til ei kvar tid ha eit oppgradert register over kva tilsette som skal ha tilgjenge til kva slags data, og dette registeret skal nyttast som basis for tildeling av tilgjenget den einskilde får.
- Kommunen må til ei kvar tid sjå til at den einskilde tilsette er kjend med og nyttar rutinar i si dataforvaltning som sikrar ei trygg datahandsaming. Spesielt viktig vert dette når nye forvaltnings- og tenestekområde vert digitaliserte.

Som ein vil sjå, er det høge krav som vert stilt til kommunane. Og stortingsmeldinga «Digital agenda for Norge» gjev tydelege signal om at desse krava vil verte stilte på stadig fleire område. Korleis kan så Samnanger kommune møte denne utviklinga?

Korleis møte utfordringane

Samnanger kommune kan velje satse på ei eiga løysing og investere i utstyr, lokale og programvare, og å byggje opp naudsynt ikt-kompetanse i eigen organisasjon. Alternativt kan kommunen slutte seg til og gå inn i eit eksisterande driftssamarbeid. IKT Nordhordland (IKTNH) vil då vere ein aktuell samarbeidspartnar.

Om IKTNH

IKTNH starta opp hausten 2011 som ein stabsfunksjon for rådmannen i Osterøy, og hadde som oppgåve å drifte ikt i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal kommunar. På eit seinare tidspunkt kom Austevoll med i samarbeidet. Pr i dag er IKTNH eit samarbeid bygd på prinsippa i §27 i Kommunelova.

Då IKTNH starta opp, fekk alle som før hadde arbeidd med driftsoppgåver i dei samarbeidande kommunane, tilbod om å verte tilsette i den nye driftsorganisasjonen. Dette gjorde at IKTNH alt frå dag 1 hadde tilsette med god kompetanse innan ulike side av ikt-drifta i kommunane. Seinare er staben blitt auka noko, og ein har fått styrkt organisasjonen sin kompetanse innan fleire felt – mellom anna anbod og innkjøp – og IKTNH framstår no som ein driftorganisasjon med allsidig og høg kompetanse innan alle driftsområde.

IKTNH har i løpet av dei snart sju åra organisasjonen har eksistert, utvikla eit einskapleg driftsmiljø for kommunane, der standardisering av løysingar har ført med seg mange gode synergieffektar når det gjeld bruken av ikt. Også i høve anbod og innkjøp har IKTNH lagt til rette for betre vilkår for kommunane. Mange kommunar saman er meir interessant for leverandørane enn ein og ein kommune, dette gjer at ein har oppnådd gode vilkår i ulike innkjøps- og driftsavtalar.

Gjennom sin inngående kunnskap om dei eksisterande løysingane i kommunane, har IKTNH også synt seg å vere ein viktig ressurs i arbeidet med å utvikle og innføre nye digitale løysingar innan ulike forvaltnings- og tenesteområde. Det har gjort det mogleg for dei som har fagleg ansvar for eit tenesteområde å ha fokus på dette, medan IKTNH har sett på moglegheiter og begrensingar av datateknisk og -fagleg art.

Denne kunnskapen er også nytta i IKTNH si brukarstøtteteneste, som sikrar at dei som må ha bruk for det, får dokumenterbart rask og god hjelp.

Kva kan IKTNH tilby Samnanger kommune?

Tilgjenge til ein etablert infrastruktur, som mellom anna omfattar

- serverpark i sikra fysisk miljø, og med faste rutinar for backup som sikrar redundans,
- eit nettverk som er tilrettelagt for brukarstyring, og som omfattar både kabelbasert og trådlause løysingar,
- ei detaljert og oppgradert styring av tilgjengerettane til den einskilde brukar,
- kvalitetssikra og oppgradert programvare.

Ein deling av driftskostnader, som omfattar

- kostnadane knytt til drift av serverpark og dei delane av nettverket som ikkje ligg på lokasjonar i den einskilde kommunen,
- lisenskostnader for programvare knytt til felles utsyr i nettverk og serverpark,
- kostnader knytt til drift av IKTNH

Desse kostnadane vert fordelt mellom kommunane etter ein fordelingsnøkkel. Det er verdt å merke seg at dette er ein kostnadseffektiv finansieringsmodell.

Deltaking i felles innkjøps- eller leigeavtalar, som omfattar

- lisensiering av standard programvare,
- innkjøp av utstyr som pc-ar, telefonar og nettbrett,
- leige av skrivarar,
- anbod og avtaleinngåing for ulike fagsystem og programvareløysingar.

Dette er rammeavtalar som vert framforhandla i fellesskap, men som det er opp til den einskilde kommunen å nytte i tråd med eigne behov. Ein skal her vere merksam på at det i einskilde høve kan vere omsyn til ulike eksterne krav – til dømes lovbaserte eller tekniske – som avgjer kva som er kommunen sine behov.

Tilgjenge til oppdatert og spissa kompetanse innan kommunal ikt-drift

Dette omfattar mellom anna ei veletablert brukarstøtte med dokument rask responstid og gode attendemeldingar frå brukarane.

Men i samband med at IKTNH som organisasjon er stadig utvikling, vil denne brukarstøtta etter kvart omfatte brukaropplæring og hjelp til å etablere «best praksis»-rutinar. Spesielt viktig kan dette vere når digitaliseringa ettar kvart omfattar nye forvaltnings- og tenesteområde, der det ikkje er etablert nokon «best praksis».

Føremoner ved å få IKT-drifts tenester frå IKTNH:

Økonomiske føremoner

- Skalafordeler: Faste kostnader fordeles på flere parter
- Større innkjøp. Redusere adm.- og enhetskostnadene pr anskaffelse
- Minimale overhead kostnader
- Reduserte kostnader pr. samarbeidspartner

Organisatoriske føremoner

- Meir profesjonalitet – Drifta styres gjennom SLA.
- Høgare Servicenivå
- Tilby fleir tenester
- Gjenbruk av data
- Tilgang på kompetanse
- Behalde kompetanse
- Utnytting av felles ressursar
- Gjensidig tilpassing

Kompetanseføremoner

- Tilfang av ny kompetanse
- Høgare kompetanse i organisasjonen
- Mulighet for ytterligere spesialisering innenfor de enkelte funksjonene
- Kritisk kompetanse er spredd på flere ressurser
- Mulighet for å utvide med nye tjenester
- Felles vegleiing og oppfølging

Utviklingsføremoner:

- Flere parter som skal løse samme oppgaver kan samhandle
- Fordeling av ressurser etter behov og ved sykluser

Kva kan dette koste Samnanger kommune?

Kostnader – ikt drift hos IKTNH

Kostnadene inkluderer alt av rådgivning, konsulenttimer, dataromdrift, sentralt nettverk, brukerstøtte, oppsett av klienter, etc.

Samnangers andel i forhold til folketall:

Årlig kostnad:

Personellkostnader:	898 065,-
Drift av IKTNH:	372 795,-
Investeringer:	434 037,-

Total årlig kost	1 704 897,-
------------------	-------------

Driften inkluderer ikke:

Klientkostnader:

Om IKTNH som leverandør av driftstenester til Samnanger kommune

Side 4

- PC, nettbrett, mobiler, aksesspunkt, printere, lokale switcher, etc.
- Lisenser tilknyttet klienter etc.
 - Microsoft
 - Adobe
 - Aruba
- Lokale nettverkslinjer
- Fagapplikasjoner

Eingongskostnad

Eingongskostnad knytt til at Samnanger kommune vert tilslutta IKTNH sitt nettverk. Eit estimat over desse kostnadane er lagt fram her:

Overflytting av programvareløysingar frå Samnager kommune sine serverar til IKTNH sin serverpark :

• Acos (Websak, Cosdoc, Cosdoc+, heimesider)	ca.kr	80.000
• Norkart (Gisline, Komtek, matrikkel mm.)	ca.kr	80.000
• Tieto – Socio	ca.kr	20.000
• Infodoc	ca.kr	15.000
• Diverse mindre system	ca.kr	25.000
• Omlegging til IKTNH si standard trådløs løysing	ca.kr	150.000
• Naudsynt utskifting av nettverksutstyr	ca.kr	200.000
• Naudsynt utskifting av gamle pc-ar ut over budsjett	ca.kr	300.000
• Arbeid utført av IKTNH i samband med omlegginga	ca.kr	130.000
• Totalt	ca.kr	1.000.000

I tillegg til dette må ein pårekne kostnader knytt til omlegging ute i kommunen, som skifte av utstyr, oppsett av pc-ar mm. Dette vert gjort av tilsette i Samnanger.

Kommunen må også pårekne kostnader ved utskifting av nokre applikasjonar (turnus, økonomi, skule). Dette er kostnader knytt til skifte av programvareleverandør.

Tentativ arbeidsplan for flytteprosjektet:

Milepælar

Milepæl 1: Underskrive kontrakt – etablere prosjekt

Milepæl 2: Ny line er etablert og nettverk er konfigurert. Estimert tid ca. 2 veker

Milepæl 3: Omlegging av alle pc-ar, flytting av brukardata og e-post. Estimert tid ca. 1 veke

Milepæl 4: Flytting av applikasjonar. Estimert tid ca. 2 veker

Milepæl 5: Omlegging av pedagogiske nett og elevmaskiner. Estimert tid ca. 1 veke

Milepæl 6: Godkjent leveranse

Prosjektet vil være gjennomført i løpet av maksimum 6 uker.

Milepæl 1: Underskrive kontrakt – etablere prosjekt

- Oppstartsmøte og etablering av prosjektgrupper
- Befaring og kartlegging av nettverk og klientustyr
- Bestilling av line mellom IKTNH og Samnanger

Milepæl 2: Ny linje er etablert og nettverk er konfigurert

- Etablere ny line mellom IKTNH og Samnanger
- Legg opp nye nett på eksisterande nettverksutstyr
- Konfigurasjon av klientnett – testing
- Konfigurasjon av SCCM for tanking av maskiner – testing

Milepæl 3: Omlegging av alle pc-ar, flytting av brukerdatab og epost

- Bestilling av nytt utstyr
- Reinstallasjon av pc-ar
- Oppretting av brukarar i AD – grupper og rettar
- Flytting av filområde

Milepæl 4: Flytting av applikasjonar

- Flytting og omlegging av e-post
- Flytting av fagapplikasjonar
- Test og akseptanse

Milepæl 5: Omlegging av pedagogiske nett og elevmaskiner

- Konfigurasjon og oppsett av SCCM
- Flytting av fagapplikasjoner
- Test og akseptanse

Samnanger kommune si deltaking i prosjektet

- Samnanger bør ha ei eiga prosjektgruppe – der lokal prosjektleiar har nær kontakt med IKTNH
- Kommunen/lokal prosjektleiar må sørge for å informere internt i kommunen om kva som skal skje – og når. – NB!! Dette er VIKTIG!!
- Kommunen/lokal prosjektleiar må sørge for tilgjenge til bygg for IKTNH til avtalt tidspunkt
- Kommunen/lokal prosjektleiar bidreg i kartleggingsfasen

IKT ansatte i Samnanger kommune

IKTNH gir tilbod til Samnanger sine IKT-tilsette

